

teten ofte er skremmende dårlig, med en strøm av nye ansikter for pasienten. Et annet problem hadde også fortjent grundigere diskusjon, nemlig forebygging og håndtering av uheldige hendelser eller «avvik».

Disposisjonen er klar og gjennomarbeidet, og språket er godt. Morsomme tegninger illustrerer teksten, men de har kanskje ikke så stor pedagogisk betydning. Jeg savner en del statistisk materiale, f.eks. om forskjeller kommunene imellom, om fordeling av pasienter på diagnose og pleietyngde og om arbeidet i omsorgsboligene. Det er mange og gode referanser, men stikkordregisteret er litt tynt.

Alt i alt er dette en utmerket lærebok. Hjemmesykepleien er jo en viktig samarbeidspartner for fastlegene, og jeg tror at dette vil være en god oppslagsbok for dem.


Peter F. Hjort
Blommenholm

Draumen og livet

Knut Olav Åmås

Mitt liv var draum

Ein biografi om Olav H. Hauge. 715 s, ill. Oslo: Det Norske Samlaget, 2004. Pris NOK 428 ISBN 82-521-5752-1



No har eg levd med Hauge att nokre veker, og spanande har det vore. Han rørde etter kvart mange med diktinga si og vart som eit ikon medan han levde. Ti år etter at han gjekk bort kjem Samlaget med ein stor biografi. Kritikker har alt skrive

mykje om verket, dette er fyrste store framstillinga av livet hans attåt alt det han sjølv har gjeve oss i dei fem bind store dagbøkene.

Å gje denne oppgåva til Knut Olav Åmås var eit lukkeleg val. Hauge runda 60 det året biografen vart fødd. Dei møttest aldri, det syter for den forståing som oftest må til for å kunne sjå klårt. Som ein grundig vitenskapsmann hev Åmås granska gamle kjelder og skaffa fram nye frå brev og samtaler med folk som stod Hauge nær. Det digre tilfanget er saumfart og ordna og sett saman slik at det tek like godt vare på diktinga og diktaren. Her er gjort skikkeleg greie for kvar einaste kjelde, med drygt hundre sider notetilvisingar og register av ulikt slag. Åmås skriv godt nynorsk, om han ikkje held seg til rettskrivinga frå 1917, slik Hauge gjorde. Dei meir private sidene ved livet er handsama med varsemnd – journalane frå dei lange opphalda på Valen sjukehus er ikkje sitert direkte, og det er trekt inn

fagfolk i framstillinga av denne sinnssjuka som råka Hauge nett då han arbeidde mest intenst med diktsamlingane sine.

Skulle ein kritisera forfattaren for noko, måtte det vere at han tek med for mykje, det kan verte i meste laget med sitat frå dagbøkene om verdslitteraturen og frå avisomtalar som gjeld bøkene til Hauge. Men det meste er forvitneleg lesing – etter han har gjort greie for fakta, endar ofte Åmås avsnittet med korte eigne kommentarar og vurderingar. Det fungerer godt.

Livet til Olav Håkonsson Hauge var prega av motsetnader, einfelt og samansett, einsamt og vidtfemnande, kvardagsleg og bortrykt (i sjukdommen). Mykje kjem med, såpass som det kan verte i høve til eit anna menneskje, medan det er heller sparsamt frå miljøet i Ulvik, der han vaks opp og levde. Ein gjennomgåande pessimist var han og hadde sine grunnar for det, han torde ikkje gle seg over framgang, det var tryggare å vere svartsynt, og dessutan smålåten, slik ein skulle vere i Hardanger. Sorg og sut og liding tek han på seg, som ei bør han skal bere. Og om han jamt var stille i si ferd, kunne han òg øse seg opp i godt lag, slik at endå Georg Johannesen kom til kort i ordskiftet. Hauge klaga ofte på det fysiske arbeidet sitt som gartner og epledyrkar. Sett på fråstand og i ettertid må ein heller tru at det vart nyttig i livet hans, til mogning for kropp og sjel og ikkje minst for diktinga. Og møtet med Bodil Cappelen, som vart kona hans seint i livet, er, slik det er synt fram i breva dei imellom, ei kjærleikssoge på høgde med mykje av det som er dikta. Draumen opna seg for Olav.

Boka inneheld òg ein 60 siders teoretisk bolck om biografens teori og metode. Denne er det ikkje rom for å drøfte innafør dei grensene som er sette for ei slik bokmelding. Forlaget har ære av det store tilfanget av fotografi som ikkje er kjende frå før. Nokre prentefeil får dei rette i neste opplag. Om det då vert naudsynt med fleire opplag, venteleg er stoffet ikkje popularisert nok til at dette vert ei folkebok. Difor òg likar eg ho.

Hauge var ein hugteken ordsmed gjennom heile det lange livet sitt, han endra og flikka på mange av enkelt dikta for stadig nye samleutgåver, forkasta og tok inn att. Som eit lite døme vil eg slutte med nokre underfundige liner han sende meg like etter siste åremålsdagen sin, i 1993. Vi hadde veksla enkelte småvers der ulike treslag var nemnde:

I ein lund
er mange tre
eg fær ikkje fred

fyr og svarar

Vilhelm Lund
Fylkestyngdekantoret i Oppland
Lillehammer

Oppdatert om rettspsykiatri

Randi Rosenqvist, Kirsten Rasmussen

Rettspsykiatri i praksis

293 s, tab. Oslo: Universitetsforlaget, 2004.
Pris NOK 369
ISBN 82-15-00393-1



Randi Rosenqvist & Kirsten Rasmussen har kommet med 2. utgave av sin lærebok *Rettspsykiatri i praksis*. At de allerede etter tre år kommer med en ny utgave, er positivt – av to årsaker. For det første har man nå erfart hvor-

dan de relativt nye helselovene og lovene om utilregnelighet og særreaksjoner har slått ut i praksis, og forfatterne har omtalt dette. For det andre gir en oppdatering et klart signal om at rettspsykiatrien som fagfelt er levende og aktivt, at det er et felt hvor det hele tiden skjer endringer. Boken har omtrent samme struktur som tidligere, og er nå delt i fire hoveddeler. Del 1 gir en generell forståelse av rollen som sakkyndig. Del 2 tar for seg sivil- og strafferettspsykiatri, del 3 omhandler loven om psykisk helsevern. Kliniske områder innenfor rettspsykiatriisk arbeid, som bl.a. risikovurderinger hos f.eks. personer med personlighetsforstyrrelse, sedelighetsforbrytere og brannstiftere, blir drøftet i del 4. Kapitlet om barnesakkyndighet er heldigvis fjernet, og kapitlet om soningsvurderinger er mer informativt enn tidligere. Språket er greit og konsist.

Til tross for at utgivelsen bærer preg av solid håndverk, har den etter mitt syn to mangler. Boken bærer preg av lojalitet overfor det juridiske system. Uttalelser som «Det vil ikke si det samme som at vi i alle henseender finner loven optimal, men vi må naturligvis respektere de gjeldende lover» (s. 39), gir lite rom for kritisk refleksjon og selvstendig markering av sakkyndighetsfeltet versus det juridiske felt. Den andre innvendingen er at forfatterne ikke har benyttet seg av muligheten til å gjøre framstillingen mer pedagogisk. Jeg savner flere kliniske vignetter i tillegg til de få som finnes i del 4. Det kunne ha hjulpet leseren til å oppnå en dypere forståelse av ulike kliniske tilstander, f.eks. bevissthetsforstyrrelser, som kan være vanskelig nok selv for erfarne sakkyndige. Manglende pedagogisk vri gjør boken noe tørr og oppramsende. Uansett – den er nå oppdatert og et utmerket hjelpemiddel som oppslagsbok for studenter og andre personer i arbeidet med sivil eller strafferettslig rettspsykiatri.

Pål Grøndahl
Politilegens kontor i Oslo